



# Øystre Slidre kommune

## Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Kjell Ove Nereng  
Vestsidevegen 415  
2943 ROGNE

### Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKOFAR - 26/9477

Arkiv:

51/6, L42

Vår dato:

20.08.2026

| Saksnr. | Utval                                      |
|---------|--------------------------------------------|
| 239/26  | Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak |
| 210/26  | Kommunestyret                              |

### Byggeløyve - 51/6 Vestsidevegen 413 - Tilbygg til våningshus

Tiltak: Tilbygg  
Byggjestad: Gbnr: 51/6 Vestsidevegen 413  
Tiltakshavar: Kjell Ove Nereng  
Vestsidevegen 415  
2943 ROGNE

#### Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 og kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak, tilbygg til våningshus på gnr. 51, bnr. 1, Vestsidevegen 413.

Løyve er godkjent på bakgrunn av søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett datert 03.08.2026, med vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggeplass skal sorterast og leverast til godkjent mottak.
2. Alt byggearbeid skal gjennomførast i tråd med gjeldande plan og forskrift (TEK 17).

#### Saksopplysningar

Kjell Ove Nereng har søkt om tiltak utan ansvarsrett for oppføring av tilbygg til våningshus på Vestsidevegen 413. Søknaden er datert 03.08.2026.

Tilbygget får eit bebygd areal (BYA) på 36 m<sup>2</sup> og eit bruksareal på om lag 35 m<sup>2</sup>. Bygget blir ført opp i ein etasje og har tilsvarande takvinkel som eksisterande bygning på 22 °.

Sentralbord: 61 35 25 00  
Dir. telefon: 46805278  
Org.nr: 961382068  
E-mail: frank.skoglund@oystre-slidre.kommune.no

Heimeside:  
www.oystre-slidre.kommune.no

Samla bebyggd areal for bygningen vil etter utviding vere 136 m<sup>2</sup>.

Søknaden er ikkje nabovarsla, då tiltaket ikkje blir vurdert til å påverke naboar eller gjenbuarar.

### **Vurdering**

Eigedomen er ikkje omfatta av reguleringsplan. For området gjeld *Arealdelen av kommuneplanen 2026-2038*.

Eigedomen ligg innanfor arealføremålet landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (LNRF).

Tilbygget er godt tilpassa eksisterande busetnad og våningshus både når det gjeld utforming og plassering. Det er gjennomført dokumentanalyse (DOK-analyse) av eigedomen. Analysen er levert av Geodata og gjennomført 20.08.2026. Det er ikkje avdekka interesser som kan bli råka av tiltaket.

Søknaden er ikkje nabovarsla. Tiltaket ligg med god avstand til nabogrense og det er vurdert at nabovarsling kan unnlatast jf. plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd.

Etter ei samla vurdering er tiltaket i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og føresegn i gjeldande plan. Kommunen har difor ingen merknadar til tiltaket.

### **Teikningsdokumentasjon**

Løyyvet er basert på teikningar med journaldato 04.08.2026.

### **Gebyr**

For handsaming av søknaden er det eit gebyr på kr. 15 000 jf. kommunens betalingssatsar punkt 3.2.2.2: *Søknadsploktige tiltak etter pbl. § 20-4 inkl. ferdigattest - Mindre tiltak på bygd eigedom over 30 /70 m<sup>2</sup>*.

<https://www.oystre-slidre.kommune.no/f/p1/i74dc1b64-d73f-4f4b-b793-317b2f01e69c/byggesaker.pdf>

### **Føresetnader med heimel i lovverket**

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyyvet er gjeve, fell løyyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund  
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.